



Vestland
fylkeskommune

Nytt frå 15.juni 2026

Forskrift spelemidler

Gjeldande frå 15. juni 2026

Kva betyr forskriftsfestinga?

- Ordninga har fått eit større rettsvern enn tidlegare.
- Fylkeskommunen må skilje tydlegare mellom rettleiing og saksbehandling.
- Strengare krav til grunngjeving og saksbehandling:
 - Alle vedtak må vere heimla i konkret paragraf.
 - Klager vil i større grad handle om korleis forskrifta er tolka og brukt, ikkje om skjønnsutøving.
- Fylkeskommunen har fått eit større forvaltningsansvar – fleire oppgåver som tidlegare låg til KUD ligg no til fylkeskommunen.

Dei mest vesentlege endringane

- Endringar for søknadar om nærmiljøanlegg og friluftslivanlegg
 - § 4: Fylkeskommunen kan nytte inntil 10 % av tildelt ramme til nærmiljøanlegg. Tildelingspolitikken til Vestland fylkeskommune seier at inntil 15 % av ramma skal nyttast til same føremål.
 - Burettslag, velforeiningar og grendalag er ikkje lengre søknadsberettiga i ordninga jamfør § 5 og 6.
 - Organisasjonar som er underlagt Norsk friluftsliv er det no krav om at organisasjonen sitt føremål eller hovudaktivitet er friluftsliv. Må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

- Fordelingsnøkkel og auka tilskot
 - Gamal fordelingsnøkkel var søknadsbeløp 50 %, anleggsdekning 25 % og innbyggjartal 25 %. Ny fordelingsnøkkel er 1/3 for kvart av dei ulike kriteria jamfør § 4.
 - Bergen og Askøy får ikkje lengre auka sats på 15 % i pressområdetilskot.
 - Merk: overgangsordning for søknadar som var formelt i orden i 2026 i desse kommunane jamfør § 42.
- Kunstgrasbaner
 - Tidlegare kunne fylkeskommunen godkjenne arealavvik på inntil 10 % på speleflata.
 - Søknadar om kunstgrasbanar som er mindre enn standardkrava må no fremje søknad som mindre bane.
 - Til dømes: 11 ar bane som ikkje stettar arealkrava må fremjast som 9ar bane.

- Behovsvurderingar og regionale prioriteringar § 27, 29, 30
 - I forskrifta vert det auka krav til innhaldet i, og kvaliteten på behovsvurderingane. Dette gjeld både søkar sin behovsvurdering men også at kommunane må ta meir aktiv stilling til vurdering av behov, også på søknadar som ikkje er fremja og eigd av kommunen sjølv.
 - I §30 i forskrifta kjem det fram at også fylkeskommunane skal gjere behovsvurderingar og prioritere søknadar etter følgande kriteriar:
 - a. områder eller kommunar med dokumenterte levekårsutfordringar
 - b. områder eller anleggstyper med underdekning
 - c. anlegg som legger til rette for sambruk, fleirbruk eller samarbeid mellom aktørar.
 - I tillegg kan fylkeskommunen legge vekt på andre relevante kriterium basert på regionale behov og prioriteringar.
 - Fylkeskommunen er i gang med arbeidet om ny anleggs- og tildelingspolitikk som blir vedteken våren 2027.
 - Søknadsåret 2027 vil basere seg på gjeldande anleggs- og tildelingspolitikk, med mindre justeringar i tråd med forskrifta.

Tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet

- Frå 15. juni 2026 gjeld følgende forskrift og retningsliner:
 - [Forskrift om tilskudd til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet fra spilloverskuddet til Norsk Tipping \(anleggsforskriften\)](#)
 - [Rettleiing til forskrift om tilskot til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet](#)
 - [Rundskriv 01/26 Tilskuddssatser for tilskuddsberettigede anleggstyper for søknadsåret 2027](#)
 - <https://www.godeidrettsanlegg.no/veileder/malbok-idrettsanlegg>
- Ny rettleiar for planlegging
 - [Rettleiar - kommunal og fylkeskommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet](#)

Viktige punkt


- Anleggseigar og søkjar må vere den same for å kunne søkje om spelemidlar
- Dette betyr:
 - Den som sender inn søknaden må vere tilknyta søkjarorganisasjonen (som også eig anlegget)
 - Dersom anleggseigaren ikkje eig grunnen sjølv må det inngåast signerte rett til bruk av grunn-avtaler mellom grunneigar og anleggseigar (jamfør § 15)
 - Dokumentasjon på kostnader må vere stila til anleggseigar (eigen prosjektkonto)
 - Dokumentasjon på finansiering må vere stila til anleggseigar
- Krav til brukstid:
 - Ordinære anlegg 30 år frå ferdigstilling
 - Nærmiljøanlegg 10 år frå ferdigstilling
 - MERK! Avtala om rett til bruk av grunn må også ta høgde for søknads/etableringsfasen og brukstida.

Dokumentasjonskrav til søknaden § 27

- Søknadar om ordinære anlegg må vere omtalt og prioritert i kommunal plan som omhandlar temaet
 - Gjeld ikkje nærmiljøanlegg, men dei må likevel vere prioritert ved oversending til fylkeskommunen
- Informasjon om søkjarorganisasjonen, organisasjonsnummer, kontaktinformasjon og kontonummer. Enkelte organisasjonar skal i tillegg legge ved vedtekter § 7
- Informasjon om kva som skal byggast
 - Anleggstypen registrerast i anleggsregisteret (før søknaden sendast inn) med måldata
 - MERK! Ikkje legg inn byggeår før anlegget er ferdig.
- Behovsvurdering (sjå vedlegg 7 i rettleiaren)
 - Vestland fylkeskommune ynskjer årsmøtevedtak av det enkelte prosjektet.

- Målsette teikningar som visar at anlegget blir utforma i tråd med gjeldande krav til storleiken for aktiviteten (sjå målbøkene)
 - Enkelte anleggstypar krev ytterlegare dokumentasjon T.D produktblad eller sertifisering
 - Ved rehabilitering av anlegg skal det leggst ved tilstandsrapport § 28
- Kostnadar knyta til prosjektet
 - Skal dokumenterast med tilbod frå leverandør og kostnadane må samsvare i søknad og vedlegg
 - Dugnadsbeløp skal dokumenterast med tilbod frå leverandør utan moms.
- Søknadsbeløp og vedlegg som dokumenterer finansiering i prosjektet
 - Søknaden må vere dokumentert fullfinansiert
 - Eventuell momskompensasjon skal haldast utanfor søknaden
 - Eigenkapital – kontoutskrift og årsmøtevedtak på bruk av midlar til prosjektet
 - Andre tilskot – tilsegnsbrev stila til søkjarorganisasjonen
 - Lån – tilsegn frå banken
 - Private tilskot – signert gåvebrev frå gjevar og mottakar

- Gards- og bruksnummer, og feste- eller seksjonsnummer
 - Dette registrerast på sjølve anlegget, ikkje i søknaden
 - Bruksrett med private grunneigarar må vere tinglyst
 - Denne skal leggest ved søknad dersom brukstida ikkje kjem fram av grunnboksutskrift
 - Dersom tinglysinga er sendt inn men ikkje stadfesta før 15. januar, så må dei legge ved kvittering på at denne er sendt inn til kartverket.
 - **NB! Dette tek ofte tid.**



§ 29 kommunal saksbehandling

- Kommunen skal kontrollere at:
 - Søknaden er fullstendig
 - Alle naudsynte vedlegg er lagt ved
 - Søknaden er påført eventuelle merknadar
 - Ved kontroll av søknaden skal kommunen innstille til enten «kontrollert utan avvik» eller «kontrollert med avvik». Eventuelle avvik skal kommenterast.
 - Kostnadsoverslag og tilhøyrande søknadsbeløp er vurdert
 - Anlegget er oppført og prioritert i kommunal plan (gjeld ikkje for nærmiljøanlegg)
 - Kommunen kan ikkje avslå søknadar. Alle søknadar skal kontrollerast og oversendast fylkeskommunen.
- Alle søknadar skal sendast til fylkeskommunen via anleggsregisteret innan **15. januar** (gjerne før 😊).
- Søknadar som blei kontrollert og innstilt til formelt i orden i 2026, skal ved søknadsrunden 2027 behandlast som ein ny søknad etter gjeldande regelverk.